



# NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE

Sogndal 8/8-2011

Norges vassdrags-og energidirektorat

5091 Majorstua, 0301 Oslo

## FRÅSEGN OM "SØKNAD OM KONSESJON OM OVERFØRING AV VESTSIDEELVANE OG HEVING AV TUNSBERGDALSDAMMEN".

Vi har motteke denne søknaden og har fygjande merknader til planen: Den prioriterte planen i denne søknaden gåt ut på å ta 8 elvar på vestsida i Jostedalen i Luster kommune inn i ein overføringstunell og føre vatnet til Tundbergdalsdammen som er magasin for Leirdøla kraftverk. Samstundes skal denne dammen hevast. Dette er ein svært omfattande kraftutbyggingsplan som Naturvernforbundet vil vere negativ til, og det av fleire grunnar.

## TIDLEGARE KRAFTUTBYGGING I JOSTEDALEN

Det har vore fleire store kraftutbyggingar i Jostedalen. Det største er Jostedal kraftverk som nyttar elvane på austsida av dalen, og Leirdøla kraftverk på vestsida. Til saman nyttar desse to kraftverka nær 40% av nedbørsfeltet i Jostedalen. Det er og 2 småkraftverk i dalen. Ein skulle difor tru at bygda Jostedalen har ytt sitt til kraftforsyninga i Noreg og at ein no bør ta vare på det som er igjen av vassdragsnaturen i den flotte Jostedalen. Det vert likevel i søknaden nemnt at eit alternativ kan vere å byggje småkraftverk i nokre av dei 8 elvane. Naturvernforbundet vil i utgangspunktet kunne tenke seg å vurdere slike søknader som eit reelt alternativ til den søknaden som no ligg føre.

## LANDSKAPSVERDIAR OG FRILUFTSLIV/TURISME I JOSTEDALEN

Jostedalen ligg i eit flott naturområde med nærleiken til Jostedalsbreen og andre mindre brear som sitt største særpreg. Her er høge fjell, djupe dalar, fossande elvar og også eit grøderikt kulturlandskap i dalbotnane. Rundt bygda er også store område verna som Jostedalsbreen nasjonalpark, Breheimen nasjonalpark og Vigdalen og Mørkrisdalen landskapsvernområde. Alt dette gjer at Jostedalen og områda rundt er mykje nytta til friluftsliv både av folk frå dalen og bygdene kring og turistar. Her er mykje nytta oppgangar til breane og elles mange merkte fotruter inn i fjellområda. Alt dette har også ført til at reiseliv har vorte ei viktig næring i Jostedalen og i Luster. Dalbreane som strekker seg ned mot hovuddalen som Nigardsbreen og Bergsetbreen er populære turistmål og har ført til skiping av turistverksemder som Bresenteret

i Jostedalen og Jostedalen breførarlag. Elvane og fossane på vestsida av Jostedalen vil vere viktige for opplevinga av naturlandskapet i Jostedalen, og ei eventuell minstevassføring vil på ingen måte kompensere for dette. Dette vil så ha negative konsekvensar for friluftsliv og turismen, og moglege inntekter til grunneigarar og kommune vil ikkje kunne kompensere for det.

## NEGATIVE KONSEKVENSAAR ELLES

Dei negative fylgjene av ei kraftutbygging i dei 8 elvane vil etter vår meining vere særleg store i sidedalen Krundalen. Denne dalen er eit populært turistmål inn mot brefallet Bergsetbreen, og overføring av dei to elvane Tverradøla og Røykjedøla vil ha uheldige fylgjer for landskapsopplevinga og også føre til mindre vassføring i Krundøla med m.a. mogleg negativ konsekvens for raftingverksemda som resultat. Desse to elvane må difor i alle fall takast ut av planen. Vi er også negative til at Kvernelvi ved Myklemyr skal takast med i planen. Denne elva er svært eksponert og dermed viktig for landskapsopplevinga. Det kan også peikast på at plassering av steintipp ved Sperle i eit område som er mykje nytta til friluftsliv, og eit steinbrot ved dammen i Leirdalen kan ha uheldige fylgjer både for landskapsopplevinga og naturmiljøet.

## KONKLUSJON

Utbyggjar vil truleg konkludere med at ei overføring av vestsideelvane i Jostedalen vil gje "rein" fornybar energi og elles gje inntekter til Statkraft, storsamfunnet, lokalsamfunnet og grunneigarar. Naturvernforbundet vil likevel hevde at naturverdiane osv. i Jostedalen som her står på spel, er så store at ei så omfattande kraftutbygging ikkje kan godtakast. Vi kan likevel som tidlegare nemnt, ut frå omsynet til ein viss flaumfare i sideelvane og ut frå at konsekvensane av ei kraftutbygging i nokre av elvane kan vere små, tenke oss å diskutere ei småkraftutbygging i nokre av elvane.

Helsing Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane ved nestleiar Jon Farestveit,6856 Sogndal